



VINDAFJORD SKOGEIGARLAG
v/5-PLUSS AS Frakkagjerdvegen 191
5563 FØRRESFJORDEN
Att.Agnar Naustdal

Kontakt saksbehandlar
Maria Terese Creighton, 51 56 87 84

Vedtak om løyve etter forureiningslova - Vindafjord 254/39 - 254/40 tiltak sjø utviding Utbjoa tømmerkai - Vindafjord Skogeigarlag

Statsforvaltaren i Rogaland gjev Vindafjord Skogeigarlag etter forureiningslova § 11 jf. § 16 løyve på visse vilkår til tiltak i sjø på eigedom 254/39 – 254/40 i Vindafjord kommune.

Vilkår er gjeve på sidene 7 til 9.

Løyvet omfattar utfylling i sjø med ca. 7 000 m³ massar, over eit sjøbotnsareal på 1 200 m².

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker.

Me varslar gebyr for behandling av søknaden.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til søknad frå Vindafjord Skogeigarlag motteke 21.02.2023 og 08.03.2023, der det vert søkt om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved eigedom med gnr./bnr. 254/39 – 254/40 i Vindafjord kommune.

Søknaden

Søknaden gjeld utfylling i samband med utviding av Utbjoa tømmerkai. Eksisterande tømmerkai med kaifront på 25 m skal utvidast slik at totalengd vert på 60 m. Utvidinga gjer at behovet for framkøyring av tømmer ikkje vert naudsynt, og til at støy i samband med arbeidet vert redusert¹.

Utfyllinga skal utførast i frå land. Kaifront skal murast med blokker i nord og plastrast i nordaust. Djupna i tiltaksområdet er på ca. 8 m. Volum av utfyllingsmassen utgjer 6 000 m³ ± 1 000 m³ og vil i fylgje søknaden omfatta eit areal tilsvarande 400 m² ± 50



Figur 1. Oversikt over tiltaksområdet (Norconsult AS rapport¹).

¹ Reguleringsplan utviding utført av Norconsult AS på vegne av Vindafjord skogeigarlag, Oppdragsnr.: 52300294 Dokumentnr.: AKU-01 Versjon: J01.



m². Eit område tilsvarande 1200 m² vil verte omfatta av arbeidet². Oversikt over tiltaksområdet er vist i figur 1. Utfyllingsmassen vil bestå av utsprengt stein, grunnfjell av sediment, vulkanittar, gneis og granitt med innslag av skifer og kalkstein. Det skal fyllast ut på fast sandbotn.

Tidsrom for gjennomføring av tiltaket

Arbeidet er planlagt gjennomført frå august 2023 – august 2024.

Området


Tiltaksområdet ligg delvis avskjerma til frå vær og vind på grunn av øya Husøy, som ligg ca. 150 frå tiltaket. Sjøbotnen i sundet mellom tiltaksområdet og Husøy skrånar frå ca. 5 m djupne til ca. 12 m midt i sundet. Det kjem fram av søknaden at straumretninga i tiltaksområdet går mot nordvest (øvre del av vassøyla), mens straumretninga lenger ned i vassøyla er meir styrt av tidvatn og vekslar mellom nordaust og nordvestleg retning. Det er òg vist til at sundet vert nytta i skipstrafikk og at det i løpet av eitt år vart registrert 1117 anløp frå passasjerskip og 9 anløp av lasteskip. Det er vidare opplyst at det er sjøkablar registrert nær tiltaksområdet. Søkjar har vore i kontakt med kommunen som meiner dette er ein avløpsleidning og at denne ikkje vil komme i konflikt med tiltaket.

Forureining

Det er utført undersøkingar av botnsediment¹. Prøvene vart analysert og klassifisert utifrå Miljødirektoratets rettleiar M608/2016³.

Det vart funne forureina botnsediment tilsvarande tilstandsklasse V (svært dårleg) for kopar og TBT (tributyltinn) i tilstandsklasse III (moderat) i tiltaksområdets stasjon S1.

Ved det djupaste punktet i influensområdet (S4), vart verdiar tilsvarande tilstandsklasse III (moderat) for antracen, pyren, dibenso(ah)antracen og TBT registrert. Benso(ghi)perylene og indeno(123cd)pyren vart funne i tilstandsklasse IV (dårleg). Oversikt over prøvepunkt i tiltaksområdet er vist i figur 2.



Figur 2. Punkt for prøvetaking av sedimentprøver (S1-S4). Tiltaksområdet er avgrensa med stipla linje (Norconsult AS rapport').

Føreslått tiltak

Det er føreslått å installere siltgardin for å unngå spreiding av partiklar, men at sterk straum i området kan gjere det vanskeleg å oppnå ønska effekt. Tildekking av forureina masser (ved S1) med grov sand eller med sandpute av grov sand er nemnd som alternativ.

Kulturminnemyndigheit

Tiltak i sjø vert ofte utført i område med potensiale for funn av kulturminne, og det er fare ved utføring av tiltaket at kulturminne vert dekt til eller øydelagde. Det kjem fram av søknaden at tiltaket ikkje er avklart i forhold til kulturminnelova. Vindafjord kommune opplyser at det i deira høyring i saka har kome uttalar frå Stavanger Maritime Museum, som har kravd at det gjennomførast arkeologiske registreringar i varsla planområde pga. potensialet for hittil kjende automatisk freda kulturminne og skipsfunn.

² Miljøteknisk sedimentundersøkelse i forbindelse med utviding av Utbjoa tømmerkai utført av Norconsult AS på vegne av Vindafjord skogeigarlag, Oppdragsnr.: 52300294 Dokumentnr.: RIM01 Versjon: J01.

³ Miljødirektoratets veileder M- 608/2016. Grenseverdier for klassifisering av vass, sediment og biota –revidert 30.10.2020.



Kunnskapsgrunnlag

Miljøforhold

Ei sak skal være så godt opplyst som mogeleg før vedtak treffest, jf. forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forureiningsforskrifta § 36-2.


Naturmangfald

Tiltaksområdet ligg ved Husøyvik i Vindafjord kommune.⁴ Det er lokalisert fiskestader for aktive og passive reiskap, 600 og 300 m frå tiltaket. Vest for tiltaket, ca. 200 m, er eit landbasert akvakulturanlegg. «Låssettingsplass» for makrell er lokalisert innerst i Bjoavågen ca. 600 m frå tiltaket. Lenger ut i sjøen ca. 600 m frå tiltaket, er eit rekefelt.

Når det gjeld viktige naturtypar er større tareskogförekomstar registrert i området. Det nærmaste tiltaket er lokalisert rundt Husøy. Denne har fått verdien B ut frå storleik⁵.

Fleire område nær tiltaksområdet har modellert ålegras. Visuelle undersøkingar og undersøkingar med kasterive er utført, utan at ålegras vart funne⁶.

Det er observert fleire fuglearta av nasjonal forvaltningsinteresse som alke (VU) og tjeld (NT), på næringsøk nær tiltaksområdet. Oversikt over plassering av naturverdiar er vist i figur 3.



Figur 3. Fiskestad for aktiv reiskap og rekefelt (rosa), fiskestad for passiv reiskap (grå), større tareskogförekomstar (blå stipla), «Låssettingsplass» (raud), modellert ålegras (grøn) og fuglar av nasjonal forvaltningsinteresse (gul)⁴.

Vassforskrifta

Vassførekomst i samband med tiltaket er Bjoafjorden (ID: 0260020200-C)⁷. Denne er kategorisert som kystvatn. Den økologiske tilstanden er klassifisert som «god», mens kjemisk tilstand er klassifisert som «undefinert». Vassførekomsten er i liten grad påverka av diffus avrenning frå industriar og punktutslipp frå reinseanlegg. Det er forventa at miljømåla om god økologisk og kjemisk tilstand vert nådd i tidsrommet 2022 -2027. Tidsrom for dette er noko usikkert grunna manglande datagrunnlag.

Planforhold

Forureinings spørsmål skal om mogleg søkast løyst for større områder under eit og på grunnlag av oversiktsplanar og reguleringsplanar, jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd.

I samband med utvidinga av kaien føreligg planvedtak frå Vindafjord kommune «Endring av plan – Reguleringsplan for Utbjøa – Tømmerkai», vedteken av Vindafjord formannskap den 25.04.2023⁸. I planavklaringa vert det mellom anna peika på at utfylling i sjø vil krevje løyve etter forureiningslova.

⁴ temakart-rogaland.no

⁵ naturbase.no

⁶ Notat, Kartlegging av ålegras, Lars Dalen, florakartlegger på oppdrag frå Vindafjord skogeigarlag.

⁷ vann-nett.no

⁸ Planvedtak – Endring av plan – Reguleringsplan for Utbjøa – tømmerkai. Vedteken av Vindafjord formannskap i møte den 25.04.2023. Dokumentnummer 23/524-14.



Høyring

I samsvar med forureiningsforskrifta § 36-7 vart søknaden førehandsvarsla i perioden 17.03.2023-16.04.2023. Statsforvaltaren har motteke uttaler frå Kystverket, Vindafjord kommune og grannar. Statsforvaltaren har sendt uttalane til søker for kommentar, i samsvar med forureiningsforskrifta. Uttaler og kommentarar til uttaler er vist i det følgjande.

Uttale frå Kystverket

Kystverket uttalar at tiltaksområdet ligg i kommunens sjøområde og er utanfor hovudled og biled. Det vert peika på at det er Vindafjord kommune som er kommunal hamnemyndigheit og som skal vurderer konsekvensar for sjøfarande og behandla eventuelle søknadar etter hamne og farvasslova. Det opplysast at ferjesambandet *Fjelberg-Sydnes-Utbjoa* som vert operert av Norled, anløper Utbjoa ferjekai. Kystverket uttalar at dei ikkje har nokon vesentlege merknader til Statsforvaltaren utifrå dei opplysningane dei er gitt.

Uttale frå Vindafjord kommune

Vindafjord kommune viser til at kommunen har til behandling ein søknad om endring av reguleringsplanen for området ved tømmerkaien på Utbjoa. Det opplysast at kommunen har sendt saka på uttale med kommunens førebelse vurderingar, med høyringsfrist 05.04.2023. Det er opplyst at utgreiingar i saka frå Statsforvaltaren saman med uttaler som kjem inn vil verte lagt til grunn for deira behandling av saka. Kommunen opplyser at dei i si høyring har fått melding frå Stavanger Maritime Museum om at dei krev gjennomføring av arkeologiske registreringar i varsla planområde, grunna potensialet for hittil kjende automatisk freda kulturminne og skipsfunn.

Uttale frå Elin Arianson

Uttalar er positiv til utviding av tømmerkaien og at det er med på å oppretthalde og skapa auka næringsaktivitet. Uttalar trekk fram 3 punkt som vitige. Desse er som følgjer:

Sjøkablar: Det vert peika på omtalane av sjøkablar i søknad og i førehandsvarselet, og at det vert nemnd at desse ikkje vil kome i konflikt med tiltaket. Uttalar påpeikar at det er viktig å vere medviten om at det går ei vassleidning i sundet, og at denne sørger for vassforsyning til store deler av Utbjoa.

Støy: Det er viktig at tilrådde avbøtande tiltak mot støy vert fylgt opp og gjennomført. Uttalar ser det som viktig at lasting på natt vert unngått i størst mogeleg grad og at skip legg til med akter mot aust. Det vil vere vesentleg at det vert ført logg for alle anløp ved kaien for å dokumentere auke eller minking i trafikk. Ei auke i trafikk vil kunne gjere at støyproblema vert meir omfattande og sjenerande enn ved frekvensen det er lagt opp til i saksutgreiinga. Uttalar meiner det bør vere høve til å komme tilbake med ei ny vurdering av avbøtande tiltak om det viser seg at trafikken vert vesentleg auka slik at støyproblema vert større enn det ein ser føre seg i dag.

Trafikk til og frå området: Uttalar peiker på at belastninga på vegen til tømmerkaia grunna auka mengd med transportert tømmer over kaien vil verte større. Det nemnast at det på Bjoavegen er to uoversiktlege svingar. Vegen er smal, har dårleg sikt, og det er dermed risiko for samanstyrt mellom køyretøy. Her ferdast og forgjengarar som skuleelevar og turgåarar samt syklistar. Uttalar meiner at ei utbetring av Bjoavegen (mellom kryss ved vikevegen og minimum kryss ved Saltnesvegen) bør vere ein føresetnad for at det vert tillate utbygging og auka trafikk over tømmerkaia .

Uttale frå Solveig Rugland

Uttalar ser ikkje at det er negative konsekvensar i samband med utvidinga av tømmerkaia, men peiker på at det er viktig med ryddigheit slik at anlegget ikkje verkar skjemma for kringliggjande hytter og bustader. Det er og ynskjeleg at tilgang til Saltnes badestrand vert oppretthalda.



Uttale frå søkjar

Statsforvaltaren har ikkje motteke kommentarar frå søkjaren.

Statsforvaltarens kommentar til innkomne høyringsuttalar

Statsforvaltaren har ingen særskilde merknader til innkomne uttaler, og viser til våre vurderingar og fastsette vilkår i løyvet.

Statsforvaltarens vurdering

Rettsleg grunnlag

Statsforvaltaren vil ut frå dei opplysningar som er gjevne behandle søknaden etter forureiningslova § 7, jf. § 8. Det vil sei at tiltakshavar har ei plikt til å unngå forureining med mindre denne kan reknast som «vanlig», og dermed ikkje vil forårsake nemneverdig skade eller ulempe. Vurderer me at forureininga kan føre til nemneverdige skader/ulemper, vil me vurdere løyve etter forureiningslova §§ 11 og 16.

Myndigheit for behandling etter forureiningslova

Statsforvaltaren er gjennom forureiningsforskrifta kapittel 22 og rundskriv T-3/12 delegert myndigheit ved mudring og utfylling i sjø og vassdrag, når tiltaket skjer frå skip og land⁹.

Bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT)

Våre vurderingar og krav er basert på prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT), jf. forureiningslova § 2 nr. 3 og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder.

Naturmangfaldlova

Ifølge naturmangfaldlova skal avgjerder grunnjevast ut ifrå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Avgjerder skal vere basert på vitskapeleg kunnskap, men dersom dette ikkje finst, skal avgjerder vere basert på «føre-var prinsippet». Naturmangfaldet gjeld arters bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, og effekt av påverknad. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskriftas § 4 om miljømål set krav om at tilstanden i vatnet skal beskyttast mot svekking, forbetrast og gjenopprettes med sikte på at vassførekomsten skal ha minst god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand, jf. forskriftas klassifisering. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føre til ei forverring. Miljømåla skal nås, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12.

Miljøpåverknad

Aktuelle forureinings parameter

Arbeid i samband med tiltaket kan føre til spreieing av forureina sediment. Det kan òg auke partikkelkonsentrasjonar i aktuell vassførekomst. Vidare kan støy og restingar virke forstyrrande på nærliggande naturverdiar og fisk. Eventuell plast og anna forureining tilknytt arbeida vil og kunne spreiaast til miljøet.

⁹ Rundskriv T-3/12 om myndighet etter forurensningsloven



Partiklar og forureina sediment

Høgt innhald av partikulært materiale i vassmassane og partikkelspreiing vil i seg sjølv kunne påverke fisk og andre vasslevande organismar negativt. Partiklar frå sprengstein har eit høgare skadepotensiale enn naturlege partiklar då desse er skarpare og kan lettare skada hud og gjeller. Ei auke i partiklar har konsekvensar for det marine miljøet som mellom anna inneber at oppvekst og gyteområde vert dekkja til og at tilgang på lys og næring vert redusert.

Sjøbotnen i tiltaksområdet er forureina av mellom anna kopar (Cu) og TBT-forbindelsar. Tungmetallet kopar er ei miljøgift som i høge konsentrasjonar er svært giftig for vasslevande organismar. TBT-forbindelsar har mellom anna hormonliknande eigenskapar, og vil dermed kunne påverke organismars reproduksjonsevne. Stoffa har bioakkumulerande eigenskapar, og vil difor kunne hope seg opp, og dermed gje alvorlege negative konsekvensar for utsette organismar.

I samband med at tiltaket utgjer ei fare for at partiklar og forureining vert spreidd til kringliggjande naturverdiar er det viktig at det vert sett inn avbøtande tiltak. Søkjar har føreslått siltgardin og tildekking av forureina massar. Plassering av tiltaket og straumforhold kan gjere at siltgardin ikkje vil vere tilstrekkeleg for å holde att partiklar. Uavhengig av om det vert nytta siltgardin eller ikkje så vil Statsforvaltaren krevje at forureina masser vert dekt til før utfylling av massar.

Det vil vere viktig at spreiiing av partiklar vert kontrollert uavhengig av om det vert nytta siltgardin rundt tiltaksområdet. Det vert difor sett krav til kontinuerleg overvaking av partikkelspreiing i vassmassane med turbiditetsmålingar. Målingane gjer at tiltakshavar til ein kvar tid vil kunne ha oversikt over kor mykje partikkelspreiing det er i vassmassane. Dersom grenseverdien for turbiditet vert overstigen, skal arbeidet stansast inntil verdien igjen er på akseptabelt nivå. Turbiditetsmålar skal plasserast hensiktsmessig med tanke på spreiiing av finpartikulært materiale til nærliggande naturverdi, større tareskogførekomstar, ved Husøy. Dette for å sikre at denne viktige naturtypen ikkje vert slamma ned som følge av tiltaket.

Støy og ristingar

Støy og ristingar i samband med utfyllinga vil vere forstyrrande for marint liv og for fuglar og andre arter som oppheld seg i området. Tiltaksområdet ligg ikkje innanføre gytefelt for torsk, slik at omsyn i samband med arbeid i gyte/klekketiden (februar – mai) ikkje vert særleg aktuelt i dette tilfellet. Ein generell anbefaling med omsyn til marint liv er likevel at ein bør unngå særleg støyande arbeid i den grad det er mogleg, og at arbeid bør leggjast til vinterhalvåret når livet i havet for det meste er i ro. Når det gjeld fugl, vil desse antakeleg trekke lenger vekk frå området så lenge arbeidet held fram. Området vert regelmessig nytta i samband med mellom anna ferjetrafikk og til utskiping av tømmer. Støy er difor allereie med på å verke forstyrrande på naturmangfaldet. Støy i samband med utfyllingsarbeidet utgjer ei ytterlegare kjelde til støy. Det er difor viktig at arbeidet gjerast så effektivt og skånsamt som mogeleg for å avgrense belastninga dette har på naturmiljøet.

Plast

Utfylling med mellom anna sprengstein kan føre til spreiiing av plast. Dette kjem av at det blir nytta materialar som inneheld plast i sprengingsarbeidet, slik som plastleidning med sprengstoff og sprengtråd, som då kan fylgje med massane i utfyllinga. Det er knytt bekymring til effektane plastforureining har på miljøet. I naturen vert plast brote ned til mindre fragment av faktorar som UV-stråling, vær og vind. Små plast partiklar (mikro- og nanoplast) kan lett takast opp av organismar og finn på denne måten vegen inn i næringskjeda. Effektar dette har på organismars helse er ikkje fullstendig kartlagt. Det er ikkje kjend om massane som skal nyttast til utfyllinga vil vere frie for plast. Me set difor som vilkår at eventuell plast frå arbeida skal samlast opp, så det ikkje vert spreidd til miljøet.



Samla miljøpåverknad

Utfylling i samband med tiltaket kan gjere at partiklar og forureina botnsediment vert spreidd til naturverdiar i området. Tiltaket er tidsavgrensa og potensialet for svekking av vassførekomst vil difor utgjere ein risiko så lenge arbeidet går føre seg. Innføring av avbøtande tiltak vil bidra til å avgrense og redusere spreieing av forureining og partiklar.

Metode

Tiltakshavar må dekkja kostnader ved å avgrensa eventuell skade på naturmiljøet som følge av tiltaket, jf. naturmangfaldslova § 11. Statsforvaltaren har gjort ei vurdering for mogelegheit for avbøtande tiltak som skal hindra negative konsekvensar på naturmiljøet som følge av arbeidet, jf. naturmangfaldslova § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar).

Tiltakshavar har ei generell plikt til å unngå forureining, jf. forureiningslova § 7, og må difor kontinuerleg føre tilsyn med at det ikkje førekjem uventa og/eller unormal forureining som følge av arbeidet.

Konklusjon

Vurdering av tiltaket etter vassforskrifta og naturmangfaldlova tilseier at naturen i området kan verte påverka av tiltaket. Tiltaket er likevel avgrensa og i samsvar med planføresegn i området. Statsforvaltaren finn difor at det kan gjevast løyve til arbeida i sjø i samband med utviding av Utbjøa tømmerkai på visse vilkår. Løyvet er gjeve på bakgrunn av opplysningar oppgitt i søknaden og opplysningar framkomme under behandlinga av søknaden.

Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 gir Statsforvaltaren i Rogaland på visse vilkår Vindafjord Skogeigarlag løyve til omsøkt arbeid i sjø ved eigedom med gnr./bnr. 254/39 – 254/40 i Vindafjord kommune. Løyvet omfattar utfylling i sjø med ca. 7 000 m³ massar, over eit sjøbotnsareal på 1200 m². Det vert stilt vilkår for å avgrensa eventuell forureining, og for å motverka skadar på det marine miljøet.

Vilkår

Med heimel i forureiningslova § 16 vert det stilt følgjande vilkår for løyvet. Vilkåra er nummererte for å letta den planlagde rapporteringa, særleg med tanke på avvik.

Generelle vilkår

1. Tiltakshavar er ansvarleg for at løyve vert overhalda, og pliktar å orientere dei som skal gjennomføre arbeida i sjø om dei vilkår som gjeld, samt dei restriksjonar som er lagt på arbeida. Det er tiltakshavar sitt ansvar å skaffe alle naudsynte opplysningar slik at arbeidet kan gjennomførast tilfredsstillande og i tråd med løyvet.
2. Tiltakshavar skal gi beskjed til Statsforvaltaren når arbeida i sjø startar.
3. Etter forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, plikter tiltakshavar at det vert etablert internkontroll som sikrar at krava i denne løyva vert overhaldt, slik at arbeidet kan reviderast.
4. Statsforvaltaren skal ha uhindra åtgang til anleggsarbeida, dokumenter mm., for å kunne føre tilsyn med aktivitetane.



5. Før anleggsarbeida startar, må verksemda ha etablert ein beredskapsplan som skal gjennomførast straks dersom det viser seg at arbeidet bidreg til partikkelspreiing. Dersom det vert oppdaga partikkelspreiing som overskrid grenseverdi sett for turbiditetsmålingar, (jf. vilkår 16 i løyvet) skal utfyllingsarbeida straks stogkast og tiltak setjast i verk.
6. Ved avvik frå vilkår i denne løyva eller andre uventa hendingar som gjeld ytre miljø er tiltakshavar ansvarleg for at Statsforvaltaren straks vert varsla. Avvik skal loggførast.
7. Støy frå arbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i Klima- og miljødepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2016).
8. Løyvet gjeld i 5 år frå klagefristens utløp.

Utfylling

9. Arbeida i sjø skal gjerast på ein måte som minimerer risiko for skade eller ulempe for det marine miljø.
10. Alle masser som vert nytta til utfylling i sjø skal vere reine. Utfyllingsmassane skal så langt som det er mogeleg være fri for plast og annet avfall under utfylling. Det skal gjerast tiltak for å hindre spreieing av annet plastavfall til sjø. Dersom det vert oppdaga spreieing av plastavfall til sjø må arbeidet stogkast, og tiltak iverksett straks. Eventuelt flytande plastavfall skal samlast opp og mengde loggførast.
11. For å hindre spreieing av forureina sediment skal område med forureina masser dekkast med ca. 0,5 m ren sand, før utfylling av masser. Tildekking med sand gjeld det forureina området ved kaien og ca. 5 m ut. Tildekkinga skal dokumenterast.
12. Utfyllingsmassen skal leggjast så skånsamt som mogeleg slik at minst mogeleg finpartikulært materiale vert virvla opp og vert spreidd ut i vassmassane.
13. Utfyllingsarbeida skal utførast på ein måte som sikrar stabilitet i utfyllinga under og etter avslutta arbeid.
14. Vassmassane skal overvakast av omsyn til spreieing av partiklar under heile anleggsperioden.
 - 14.1. Under utfyllingsarbeidet skal det utførast kontinuerleg turbiditetsmålingar ved naturtypen større tareskogførekomstar ved Husøy. Målingar skal utførast på relevant stad, for best mogeleg å kunne fange opp spreieing av partiklar frå arbeida.
 - 14.2. Det skal gjerast målingar før og etter at arbeidet har starta, der måling før arbeidet har starta fungerer som referanseverdi. Forskjell i turbiditet før og etter at arbeidet har starta skal ikkje overskride 10 FNU. Ved overskriding skal arbeida stogkast og samanheng avklarast. Arbeidet skal ikkje starta opp igjen før turbiditet igjen er på eit akseptabelt nivå.
 - 14.3. Måleutstyret skal vedlikehaldas med tilstrekkeleg frekvens slik at målte verdiar til ei kvar tid er representative for turbiditet i vassmassane.



14.4. Endeleg plassering for overvaking av turbiditet skal sendast Statsforvaltaren for godkjenning før oppstart av arbeida.

Rapportering

15. Når arbeidet er ferdig skal tiltakshavar utarbeide ein kort rapport der alle resultata frå arbeida vert presentert, og der ein dokumentar at vilkåra i dette løyve er oppfylt. Eventuelle avvik skal grunngjevast og dokumenterast. Rapporten skal sendast til Statsforvaltaren innan 8 veker etter avslutta arbeid.

Me vil understreke at all forureining i samband med arbeida ved Utbjoa tømmerkai i Vindafjord kommune isolert sett er uønskt.

Brot på vilkår i ei løyve medfører straffeansvar etter forureiningslova, jf. § 78. Me gjer merksam på at dette løyve ikkje frittek for erstatningskrav for eventuelle skadar eller ulemper som følger av verksemda, jf. § 53. For å sikre at føresegn i forureiningslova eller løyvet vert overhalde, kan forureiningsmyndigheten fastsette tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73. Me gjer merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter etter anna lovgiving

Etterhandskunngjering

Løyvet og søknads dokumenter vert lagt ut på internettsidene til Statsforvaltaren i Rogaland www.statsforvalteren.no/rogaland under «Miljø og klima».

Varsel om gebyr for saksbehandling

Statsforvaltarens behandling av søknader om løyve etter forureiningslova er omfatta av ein gebyrordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Statsforvaltarens behandling av denne saka har medført ein ressursbruk tilsvarande **gebyrsats 6** jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyr for arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyver. Vindafjord Skogeigarlag skal difor betale eit gebyr på **kr. 37 400,-** for Statsforvaltarens behandling av søknaden. Eventuelle merknader til varselet sendes Statsforvaltaren innan 14 dagar frå mottak av dette brevet.

Klagehøve

Løyvet kan klages på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå melding om vedtaket er mottatt. Ei eventuell, grunna klage stiles til Miljødirektoratet, og sendes Statsforvaltaren i Rogaland.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Maria Terese Creighton
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

NORCONSULT AS AVD HAUGESUND
Rogaland fylkeskommune
Fiskeridirektoratet, region sør
Kystverket Vest
Museum Stavanger
VINDAFJORD KOMMUNE
SØR-NORGES FISKARLAG

Postboks 458
Postboks 130
Postboks 185 sentrum
Postboks 1502
Muségata 16
Rådhusplassen 1
Postboks 936

5501 HAUGESUND
4001 Stavanger
5804 Bergen
6025 Ålesund
4010 STAVANGER
5580 ØLEN
6001 ÅLESUND